

## Tilleggsinnkalling

---

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etasje kantina
Dato	15.03.2023
Tidspunkt	kl 16:00

---

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: [post@sksiks.no](mailto:post@sksiks.no) eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

### Sakliste

MS 12/23 Henvending om løyve til oppgradering av slamavskillar Stette

Ålesund, 10.03.2023

Bente Bruun  
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme  
Rådgjevar SKS IKS

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 12/23	Ålesund kontrollutval	15.03.2023

### Henvending om løyve til oppgradering av slamavskillar Stette

**Sekretariatet si tilråding:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

**Bakgrunn:**

Ålesund kontrollutval har via eit av utvalsmedlemmane fått tilsendt ei henvending frå Karoline Stette knytt til eit slamavskillaranlegg på Stette.

Henvendinga med utsendt svar få sekretariatet, ligg ved her til orientering for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet kan i møtet vurdere om det henvendinga peikar på er noko utvalet vil gå nærare inn på. Eventuelt kan de gjere vedtak om at de vil be om ei orientering frå kommunedirektøren til neste møte.

**Vedlegg**

Svar på henvending om løyve til oppgradering slamavskillar Stette

Henvending om løyve til oppgradering slamavskillar Stette

---

**Emne:** VS: Oppgradering slamavskiller Stette  
**Kopi:** bente.bruun@alesund.kommune.no  
**Til:** Solveig Kvamme <solveig.kvamme@sksiks.no>  
**Sendt:** 09.03.2023 16:15:04  
**Fra:** Kåre Hanken <kaare.alfred.hanken@online.no>  
God ettermiddag!

Viser til telefonsamtale av i dag, jf. nedenforstående tekst. Sender kopi til leder. Er usikker på om dette er en sak som hører inn under kontrollutvalget, men om kommunedirektøren møter er vel dette en sak han kan svare ut?

Mvh

Kåre Hanken  
Medlem i kontrollutvalget

«8. mar. 2023 kl. 14:51 skrev Karoline Stette <[Karoline.Stette@alesund.kommune.no](mailto:Karoline.Stette@alesund.kommune.no)>:

Hei, litt merkeleg sak dette, har også spurt om det er tråd med innkjøpsreglementet å gjere det slik.

I andre liknande saker har eg sett ein heilt annan framgangsmåte – først kjem varsel om endring eller søknad om disp. frå reguleringsplan og byggesøknad som vil innehalde rekkefølgekrav som til dømes rammetillatelse/utsleppstillatelse. Deretter går det ut på anbod.

I denne saka på Stette gjeld det oppgradering (utviding) av eksisterande slamavskilleranlegg. (I praksis leggest det ned ein ny og større tank ved sidan av den gamle).  
Planlagt å utvide frå 65 til ca 200 kubikk og då til eit anlegg som er dimensjonert for ca 1000pe.  
Stettevika er ein såkalla terskelfjord der vassutskiftinga er lav.  
Kommunen er tiltakshaver og byggherre ( eig eksisterande anlegg og vil bli eigar av nytt anlegg)

Anbod er tildelt

Utbygger på Stette (med interesser av rask framdrift i prosjektet) er involvert i prosjekteringa og skal forskuttere den nye slamavskilleren før rekninga går til kommunen. Ha-plan har stått for anbodsprosessen (invitert utvalde entreprenørar til å gje tilbod og tildelt). Dei har no sendt ut nabovarsel til naboar som grensar til tiltaket, med 14 dagars varsel. I nabovarselet oppgis det at merknadar vil bli svart ut av Ha-plan og sendt inn saman med byggesøknad.

I førre veke vart det utført påvising av kablar/leidingar i grunnen på staden, og naboane vart bekymra for om graving vil starte utan at saka er behandla av kommunen.

1. Tiltaket er ikkje i tråd med gjeldande reguleringsplan – krev dispensasjon eller endring av plan, tiltaket vil også legge beslag på privat grunn ( og muligens friområde kan det sjå ut som) utan det er gjort avtale om dette.
2. Ikkje byggesaksbehandla eller registrert av byggesaksavdelinga per dd.
3. Utsleppsløyve på eksisterande anlegg finst ikkje, mest truleg fordi eksisterande anlegg vart etablert ca 80-tallet og reglane var annleis.
4. Nytt utslippsløyve/rammetillatelse er ikkje søkt om.

Tilsyn/registrering av utslipp på eksisterande anlegg er mangelfullt. (I likeheit med mange andre anlegg)

Det kunne for så vidt også vore ei aktuell sak for kontrollutvalet å undersøke i kva grad Ålesund kommune fører tilsyn og utfører målingar ved eigne avløpsanlegg – i heile kommunen. (Vi har i planutvalet etterspurt ein heilheitleg plan for tilstand/oppgadering av avløpsanlegg i heile kommunen, men får berre informasjon om det som angår gamle Ålesund).

Eventuelt kva kommunen gjer for å sørge for at eigne avløpsanlegg under 13 er i tråd med notidas krav. Er kommunen strengare med private?

Det er veldig mykje fokus på dei større renseanlegga no og lite på dei mindre anlegga.

Kommunen er forurengsmyndigheit (og tilsynsmyndigheit) for anlegg under 10 000pe, og slike tiltak kjem inn under kapittel 13 i forurengsforakriften:

### **§ 13-3. Krav om tillatelse**

Ingen kan sette i verk nye utslipp eller øke utslipp vesentlig uten at tillatelse er gitt i medhold av [§ 13-5](#).

Utslipp etablert før 1. januar 2007, som ikke økes vesentlig, er tillatt i den grad dette følger av [§ 13-18](#).

### **§ 13-4. Søknad om tillatelse**

Ved etablering av nye utslipp eller vesentlig økning av eksisterende utslipp av kommunalt avløpsvann skal den ansvarlige sørge for at

1. det er utarbeidet en skriftlig, fullstendig søknad som inneholder de nødvendige opplysningene for kommunen
  - a. den ansvarliges navn og adresse,
  - b. om utslippet skal etableres og drives i samsvar med kravene i [§ 13-6](#) til [§ 13-16](#) eller om det søkes dispensasjon,
  - c. dokumentasjon på hvordan utslipp skal etableres og drives,
  - d. plassering av renseanlegg og utslippsted på kart i målestokk 1:5000 eller større,

- e. utslippets størrelse i pe, jf. [§ 11-3](#) bokstav m,
  - f. beskrivelse av utslippssted, utslippsanordning og -dyp,
  - g. interesser som antas å bli berørt av etableringen, herunder interesser knyttet til drikkevannsforsyning og næringsvirksomhet,
  - h. oversikt over hvem som skal varsles, og
  - i. samtykke fra kommunens planmyndighet dersom utslippet er i strid med endelige planer etter [planloven](#).
2. parter og andre som kan bli særlig berørt av saken er varslet om innholdet i søknaden. Kopi av varselet skal sendes til disse parter og andre med at parter og andre blir varslet. I varselet skal det fremgå at uttalelser må være kommet til søker innen varselet er sendt.
3. søknad er sendt til kommunen, etter at uttalelsesfristen er utløpt, sammen med kvittering for at varsel er sendt.

### **§ 13-18. Forholdet til eksisterende utslipp**

Tillatelser til utslipp av kommunalt avløpsvann mindre enn 1000 pe til mindre følsomme områder gitt før 1. januar 2007 og tilhørende forskrifter før 1. januar 2007, er fortsatt gjeldende.

Tillatelser til utslipp av kommunalt avløpsvann til følsomt og normalt område, og utslipp større enn 1000 pe gitt før 1. januar 2007 i medhold av [forurensningsloven](#) med tilhørende forskrifter, er fortsatt gjeldende.

- a. [§ 13-6](#), [§ 13-10](#), [§ 13-11](#), [§ 13-16](#) erstatter tillatelsens krav til avløpsnett, lukt, utforming og drift
- b. [§ 13-12](#) til [§ 13-15](#) erstatter tillatelsens krav til prøvetaking og analyse dersom tillatelsen har krav om strengere enn rensekravene i [§ 13-7](#) og [§ 13-8](#) bokstav a og b, eller
- c. [§ 13-7](#) til [§ 13-8](#), og [§ 13-12](#) til [§ 13-15](#) erstatter tillatelsens krav til rensing, prøvetaking og analyse dersom tillatelsens krav til rensing er mer lempelig enn rensekravene i [§ 13-7](#) til [§ 13-8](#).

Utslipp etablert før 1. januar 2007 og som det på tidspunkt for etablering ikke måtte innhentes tillatelse for, er fortsatt lovlig. Kommunen kan likevel i enkeltvedtak bestemme at slike utslipp er ugyldige.

<https://www.miljodirektoratet.no/regelverk/forskrifter/forurensningsforskriften/avlopsvann-mindre-tettbebyggelser-kommentarer/>

For anlegg der tillatelse er gitt før 1. januar 2007 bør det føres tilsyn med at bestemmelsene i § 13-18 følges, og kommunene bør revidere tillatelser som ikke er oppdatert med dagens forskriftskrav eller tillatelser som av andre grunner anses som utdatert. Det bør også jobbes systematisk med å lukke avvik. Kommunen skal også systematisk sørge for at eldre utslipp som iht til § 13-18 fortsatt er lovlig, ulovliggjøres og at det søkes om utslippstillatelse iht til dagens regelverk. Dette er i samsvar med

forventningene til kommunens avløpsarbeid i de nye nasjonale føringene for vannforvaltning.

Eg har meir detaljar om det er av interesse, teikningar mm.

Dette var svaret som eg fekk skriftleg:

**Fra:** Karsten Almås <[Karsten.Almas@alesund.kommune.no](mailto:Karsten.Almas@alesund.kommune.no)>

**Sendt:** torsdag 2. mars 2023 09:58

**Til:** Sol Berntsen Slinning <[Sol.Berntsen.Slinning@alesund.kommune.no](mailto:Sol.Berntsen.Slinning@alesund.kommune.no)>; Arve Olav Bang <[Arve.Olav.Bang@alesund.kommune.no](mailto:Arve.Olav.Bang@alesund.kommune.no)>

**Kopi:** Bjørnar Andersen <[Bjornar.Andersen@alesund.kommune.no](mailto:Bjornar.Andersen@alesund.kommune.no)>

**Emne:** SV: Spørsmål til terrenginngrep/oppdimensjonering av slamavskilleranlegg i strandsona på Stette

Hei

I dette området er det blitt tillatt utbygd stort antall boliger uten å vurdere kapasitet i eksisterende renseanlegg (slamavskiller).

Kapasiteten her er sprengt og den må oppgraderes.

Dette blir gjort i et samarbeid med utbygger av et område på Leitegarden og kommunen.

Konsulentkostnader blir dekt av utbygger og etablering av kommunen.

Entreprenør er valgt

Nabovarsel sendt.

Kommentarer til tiltaket blir behandlet

Det må søkes nytt utslippsløyve for iverksetting.

Ny slamavskiller er prosjektert på kommunal tomt ved den eksisterende.

<image001.png>

Venleg helsing

**Karsten Almås**

Prosjektering og utbygging

Verksemd vatn og avløp

Mob. 926 402 62 | 70 16 20 00 (sentralbord) 1

[karsten.almaas@alesund.kommune.no](mailto:karsten.almaas@alesund.kommune.no)

<image002.png>

[www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no)

[Følg oss på Facebook](#)

**OPEN – ENGASJERT – MODIG**

«

Karoline Stette

Dykkars ref.

Vår ref.  
23/41

Dato  
10.03.2023

## Svar på henvending om løyve til oppgradering slamavskillar Stette

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat IKS har på vegne av Ålesund kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering. Om kontrollutvalet vel å gå nærare inn på det som henvendinga gjeld, vil du kunne sjå i møteprotokollen som du finn på heimesida vår. [www.kontrollutval.no/aalesund](http://www.kontrollutval.no/aalesund)

Ut over dette vil du ikkje få noko meir svar frå kontrollutvalet på henvendinga di.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av forskrift om revisjon i kommunar. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret eller revisjonen, må kontrollutvalet sjølv vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det ei henvending tek opp.

På generelt grunnlag kan ein seie at det er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som gjeld klagesaker, lovlegheitskontroll, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Med helsing

Solveig Kvamme  
Rådgjevar SKS IKS

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Org.nr	E-post
Postboks 7881 Spjelkavik 6022 Ålesund	Lerstadvegen 545 6022 Ålesund	92 61 17 35 (Bjørn) 90 74 13 99 (Solveig)	889 117 192	post@sksiks.no

Kopi til  
Bente Bruun  
Kåre Alfred Hanken

Sjømannsveien 23  
Fredsbergvegen 45

6008  
6009

ÅLESUND  
ÅLESUND